



Møteprotokoll for Utval for helse og omsorg

Møtedato: 03.05.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 10:00 - 17:30

Synfaring: Det var synfaring kl. 10.00 på Skarsvegen 29 og alternative tomtar som har vore vurdert knytt til "Byggeprogram bufellesskap". Møtestart kl. 12.15 i Helsehuset.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Ståle Juvik Hauge	AP	Utvalsleiar
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Nestleiar
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Thore Helland	SP	Medlem
Alexander Helle	R	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Toril Mongstad	R	Alexander Helle-R

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg, Line M. Valle-tenesteleiar
Eigedomsforvaltning, Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg, Arngunna Haga-avdelingsleiar NAV, Eva Mikkelsen-prosjektleiar,
Arthur Kleiveland-møtesekretær

Øyvind H. Oddekalv-varaordfører orienterte i sak «Høyring – politisk styringsstruktur og reglement».

Det var 7 av 8 medlemmar til stades i utvalet.

Sakliste

Saknr	Tittel
017/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/22	Godkjenning av møteprotokoll 22.03.2022
019/22	Høring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune
020/22	Meldingar til utval helse og omsorg 03.05.2022
021/22	Omsorgsbustader + med kommunal forskottering og tilvisingsrett

017/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 03.05.2022:

Behandling:

Det vart gjort endringar i sakslista. Orientering og handsaming i sak om "Omsorgsbustadar pluss - med kommunal forskottering og tilvisingrett" kom etter sak om Meldingar.

Orientering og handsaming av sak "Høyring - Politisk styringsstruktur og reglement" vart gjort etter dei to første orienteringane under Meldingar.

Utvalet vedtok samrøystes innkalling og saksliste med dei endringar som vart gjort.

HO- 017/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

018/22: Godkjenning av møteprotokoll 22.03.2022

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for helse og omsorg 03.05.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes møteprotokollen for 22. mars.

HO- 018/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

019/22: Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

Kommunedirektøren legg fram saka utan framlegg til vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.05.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Øyvind Oddekallv-varaordførar

Sølvi Knutsen-Sp sa seg ugild og ho deltok difor ikkje i handsaminga av denne saka.

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF- 019/22 Vedtak:

Ingen merknader.

Eldreråd 02.05.2022:

Behandling:

Kirsti Gjetle Floen (A) fekk permisjon i denne saka, og det deltok 8 av 9 medlemmar i handsaminga.

Øyvind H. Oddekalv-varaordførar, som har vore leiar for ei politisk arbeidsgruppe som har utarbeidd framlegg til politisk styringsstruktur og reglement, orienterte i saka.

Det vart i møtet sett fram følgjande fellesframlegg til uttale:

Eldrerådet vil i denne omgang halda på dagens politiske struktur for utval og råd, og med 47 medlemmar i kommunestyret.

Rådet meiner den første perioden i Alver kommune har vore a-typisk på grunn av pandemien, og ikkje gjev godt nok grunnlag til å kunne evaluera den politiske strukturen. Den nye kommunen er framleis under bygging, og rådet meiner styringsstrukturen først kan evaluerast i slutten av neste 4-årsperiode.

Eldrerådet fryktar også at det er altfor omfattande å slå saman store og viktig sektorar som helse og omsorg, og kultur og oppvekst til eit levekårsutval.

Rådet sluttar seg til arbeidsgruppa sitt framlegg om møtestart for politiske møte kl. 9.00.

Under avrøystinga vart fellesframlegget vedteke med 7 røyster mot 1.

Mabel Johansen (H) slutta seg til innstillinga frå fleirtalsgrupperinga i arbeidsgruppa, med 35 medlemmar i kommunestyret og tre utval medrekna formannskapet.

ER- 017/22 Vedtak:

Eldrerådet har følgjande uttale til *Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune:*

Eldrerådet vil i denne omgang halda på dagens politiske struktur for utval og råd, og med 47 medlemmar i kommunestyret.

Rådet meiner den første perioden i Alver kommune har vore a-typisk på grunn av pandemien, og ikkje gjev godt nok grunnlag til å kunne evaluera den politiske strukturen. Den nye kommunen er framleis under bygging, og rådet meiner styringsstrukturen først kan evaluerast i slutten av neste 4-årsperiode.

Eldrerådet fryktar også at det er altfor omfattande å slå saman store og viktig sektorar som helse og omsorg, og kultur og oppvekst til eit levekårsutval.

Rådet sluttar seg til arbeidsgruppa sitt framlegg om møtestart for politiske møte kl. 9.00.

Ungdomsråd 02.05.2022:

Behandling:

Ungdomsrådet har sett gjennom framlegget, og har ingen merknader til det.

UR- 016/22 Vedtak:

Ingen merknader

Utval for helse og omsorg 03.05.2022:

Behandling:

Sølvi Knudsen-SP ba utvalet vurdere om ho er inhabil til å handsama saka, ettersom ho har vore med i arbeidsgruppa for "Politisk styringsstruktur og reglement". Utvalet konkluderte med at Knudsen ikkje er inhabil, og ho deltok i handsaminga av saka.

Øyvind H. Oddekaly-varaordførar, som har vore leiar i arbeidsgruppa, orienterte om gruppa sitt arbeid og innstilling.

May-Irene Wergeland-SP sette på vegne av Raudt, SP og Uavhengig fram følgjande framlegg til uttale:

HO-utvalet sluttar seg ikkje til samanslåing av utvala OKK og HO slik det her er foreslått. Vi meiner utvala har ansvar for store og viktige tenesteområder det er vesentleg å prioritere god folkevald styring over. Vi opplever at HO-utvalet har fungert godt og har hatt grundige drøffingar vi trur har kome kommunen sin helse- og omsorgssektor til gode. Vi meiner difor det er best å halde fram med eit eige helse- og omsorgsutval.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette på vegne av KRF og AP fram følgjande framlegg til uttale: *HO-utvalet tilsluttar seg framlegget i høyringa på politikk-området for eit framtidig Levekårsutval.*

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre.

Felles framlegg frå SP/Raudt/Uavhengig fekk fire røyster (M-I. Wergeland-SP, Sølvi Knudsen-SP, Torill Mongstad-Raudt, Roy Bø-UAVH) - og fekk fleirtal.

Ståle Hauge-AP sette fram følgjande felles tilleggsframlegg:

Om utvalsstrukturen blir som dagens struktur meiner HO-utvalet subsidiaert at følgjande områder må ligge under HO-utvalet sitt politikkområde:

Helsestasjon/Jordmorteneste.

Utvalet ser det som naturleg at tenester som skal arbeida ut frå helserelatert politikk og helsefagleg kompetanse er i eitt politisk utval.

Hauge sitt felles tilleggsframlegg fekk 7 røyster og var samrøystes.

HO- 019/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale til "Høyring - politisk styringsstruktur og reglement":

HO-utvalet sluttar seg ikkje til samanslåing av utvala OKK og HO slik det her er foreslått. Vi meiner utvala har ansvar for store og viktige tenesteområder det er vesentleg å prioritere god folkevald styring over. Vi opplever at HO-utvalet har fungert godt og har hatt grundige

drøffingar vi trur har kome kommunen sin helse- og omsorgssektor til gode. Vi meiner difor det er best å halde fram med eit eige helse- og omsorgsutval.

Om utvalsstrukturen blir som dagens struktur meiner HO-utvalet subsidiaert at følgjande områder må ligge under HO-utvalet sitt politikkområde:

Helsestasjon/Jordmorteneste.

Utvalet ser det som naturleg at tenester som skal arbeida ut frå helserelatert politikk og helsefagleg kompetanse er i eitt politisk utval.

020/22: Meldingar til utval helse og omsorg 03.05.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for helse og omsorg 03.05.2022:

Behandling:

Det vart lagt fram følgjande meldingar/orienteringar:

- Arngunna Haga-avdelingsleiar NAV orienterte om "Gründersporet og krydderdamene"
- Arngunna Haga-avdelingsleiar NAV gav status for busetting av flyktingar
- Helge Kvam-Fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg gav status for Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift. Nytilsett prosjektleiar Eva Mikkelsen presenterte seg for utvalet
- Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg orienterte om ledsager-bevis

Ståle Hauge-AP sette fram felles framlegg knytt til orientering om "ledsager-bevis: HO-utvalet ønskjer sak om revidering av retningslinene for følgebevis, særleg med tanke på den nedre aldersgrensa, for eksempel til skulestart for barn.

HO ber administrasjonen få fram utfordringar ved krav om at følgebevis skal kunne brukast ved leige av kommunale bygg og arrangement som kommunen støttar økonomisk. Utvalet ønskjer at saka blir lagt fram for OKK.

Framlegget frå Hauge vart samrøystes vedteke.

HO- 020/22 Vedtak:

Meldingar vert tatt til orientering med følgjande tillegg:

HO-utvalet ønskjer sak om revidering av retningslinene for følgebevis, særleg med tanke på den nedre aldersgrensa, for eksempel til skulestart for barn.

HO ber administrasjonen få fram utfordringar ved krav om at følgebevis skal kunne brukast ved leige av kommunale bygg og arrangement som kommunen støttar økonomisk. Utvalet ønskjer at saka blir lagt fram for OKK.

021/22: Omsorgsbustader + med kommunal forskottering og tilvisingsrett

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek å forskottere for 8 stk omsorgsbustader + med vaktrom for personale.

Bebuarane skal sjølv eige sine husvære. Tiltaket får kommunal tilvisingsrett på 30 år. Det vert løyvd ei ramme på 46 millionar kr inkl mva og midlar til uforutsette utgifter til realisering av prosjektet. Ved eit sal av bustadene skal dette gå til tilbakebetaling av gjeld.

Finansiering vert slik:

- Momsrefusjon 7,8 mill. kr.
- Lånemidlar 25,2 mill. kr.
- Tilskot frå Husbanken 13 mill. kr.
- Tidspunkt og periodisering av investeringa på faktiske utbyggingsår vert innarbeid i neste oppdatering av økonomiplanen»

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 02.05.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Line Merete Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning
Fellesframlegg v/Magne Bjørndal:

Rådet er positive til tiltaket, men er opptekne av å unngå for stor opphoping av bueiningar. Vi stiller spørsmål ved talet på 8 einingar. Vi har fått opplyst at 6 interessentar står bak initiativet, og bed om at det vert vurdert å avgrensa prosjektet til 6 bueiningar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 021/22 Vedtak:

Uttale i RMNF 02.05.2022:

Rådet er positive til tiltaket, men er opptekne av å unngå for stor opphoping av bueiningar. Vi stiller spørsmål ved talet på 8 einingar. Vi har fått opplyst at 6 interessentar står bak initiativet, og bed om at det vert vurdert å avgrensa prosjektet til 6 bueiningar.

Utval for helse og omsorg 03.05.2022:

Behandling:

Torill Mongstad-Raudt fekk permisjon under denne saka, og det var dermed seks medlemmar til stades under avrøysting.

Line M. Valle-tenesteleiar Eigedomsforvaltning orienterte i saka.

Ståle Hauge-AP sette fram kommunedirektøren sitt framlegg;

Kommunestyret vedtek å forskottare for 8 stk omsorgsbustader + med vaktrom for personale. Bebuarane skal sjølv eige sine husvære. Tiltaket får kommunal tilvisingsrett på 30 år. Det vert løyvd ei ramme på 46 millionar kr inkl mva og midlar til uforutsette utgifter til realisering av prosjektet. Ved eit sal av bustadene skal dette gå til tilbakebetaling av gjeld.

Finansiering vert slik:

- Momsrefusjon 7,8 mill. kr.
- Lånemidlar 25,2 mill. kr.
- Tilskot frå Husbanken 13 mill. kr.
- Tidspunkt og periodisering av investeringa på faktiske utbyggingsår vert innarbeid i

neste oppdatering av økonomiplane

Sølvi Knudsen-SP sette fram følgjande framlegg til endring i kommunedirektøren sitt framlegg:
Kommunestyret vedtek å forskottere for 6 stk omsorgsbustader

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 3 røyster (S.Hauge-AP, R.Bø-UAVH, Else Marie Dale-KRF).

S.Knudsen-SP sitt framlegg fekk 3 røyster (S.Knudsen-SP, K. Gjetle Floen-AP, M.-I. Wergeland-SP)

Med utvalsleiar Ståle Hauge-AP si dobbelrøyst sluttar utvalet seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

HO- 021/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale i saka:

Utvalet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg.